vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

1. juni 2017

AMB2003

Ambulanseoperative emne/ambulanseoperative emner

**Programområde:** Ambulansefag

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

<table>
<tr><th colspan="2">Eksamensinformasjon</th></tr>
<tr><td>Eksamenstid</td><td>Eksamen varer 4 timer.</td></tr>
<tr><td>Hjelpemiddel</td><td>Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.</td></tr>
<tr><td>Bruk av kjelder</td><td>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</td></tr>
<tr><td>Vedlegg</td><td>Ingen</td></tr>
<tr><td>Informasjon om vurderinga</td><td>Låg kompetanse:<ul><li>Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva, men i liten grad grunngi kvifor</li><li>Trekkjer i ein viss grad inn aktuelle fagområde</li><li>Viser i ein viss grad kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>Bruker i ein viss grad korrekt fagterminologi</li><li>Har ei viss form for struktur i eksamenssvaret</li></ul>God kompetanse:<ul><li>Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva og grunngi kvifor</li><li>Trekkjer inn aktuelle fagområde i grunngivinga</li><li>Viser innsikt og fagleg forståing</li><li>Viser god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>Bruker korrekt fagterminologi</li><li>Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>Har god struktur i eksamenssvaret</li></ul>Høg kompetanse:<ul><li>Kan skildre korleis ein vil løyse caseoppgåva på ein god og utfyllande måte og grunngir svara godt og utfyllande</li><li>Trekkjer inn og drøftar aktuelle fagområde i grunngjevinga</li><li>Viser mykje god kompetanse i dei relevante kompetansemåla</li><li>Oppgir kjelder ved avskrift, kopiering, klipp og lim</li><li>Bruker korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>Ser heilskapen mellom teori og praksis</li><li>Viser god evne til refleksjon</li><li>Byggjer opp eksamenssvaret på ein svært strukturert og oversiktleg måte</li></ul></td></tr>
<tr><td>Andre opplysningar</td><td>Ved bruk av PC, bruk skriftstørrelse 12.</td></tr>
</table>

## Case

Det er mars måned, 5 grader, litt vind. Klokka er 07:00. Du er på dagvakt på ein ambulansestasjon med 3 døgnbilar, på ein stad med 15 000 innbyggjarar. Du er lærling på andre året og køyrer som ledsagar. Din makker har fagbrev og lokale kurs og godkjenningar. Stasjonen har to døgnambulansar: 963 (som de er på) og 964, samt ein dagbil: 965. Alle 3 ambulansane er ledige og inne på stasjonen.

Det er ein luftambulansebase ca 30 min unna, og eit redningshelikopter frå forsvaret er ca 45 min unna. I tillegg er følgjande ressursar tilgjengelege: 2 ambulansar 20 min køyreveg unna, og ytterlegare 1 ambulanse 30 min køyreveg unna.

Det er eit legekontor i tettstaden med 2 legar og ein legevakt ca 30 min unna. Tettstaden har ein politistasjon med tre patruljar av to mann på vakt.

Brannvesenet har ein utrykkingsleiar som er på stasjonen frå kl 08-16, og er i ei fast kommunal stilling, samt 4 brannlag av 3 mann som er innkallingsmannskap, totalt 13 mann inklusive utrykkingsleiar. Dei har 1 mannskapsbil/sløkkebil og 1 tankvogn.

**Oppdrag:**
Klokka er 09:20, de vert kalla ut til eit oppdrag, køyrekode akutt tur/raud respons.
Politiet ber om bistand til PLIVO (pågåande livstruande vold).
Det er meldt om fleire som er stikkskadde ved Fjelltoppen vgs.

De er Ambulanse 963, og vil vere først framme og får rollen Operativ Leder Helse.
Ambulanse 964 og 965 vil koma til skulen nokre minuttar etter dykk.

## Oppgåver

**1)** Grei ut om lover og reglar som regulerer tida før du skal på vakt.
Beskriv kva du gjer når du kjem på vakt.

**2)** Vurder meldinga og set i verk tiltak.

**3)** Legg ein plan på veg til angitt oppmøtestad (Fjelltoppen vgs.).

**4)** Framme på Fjelltoppen vgs.:
Beskriv politiet, brannvesenet og helsevesenet sine rollar og funksjonar i denne hendinga.

**Fjelltoppen videregående skule**, ein liten skule med 180 elever fordelt over tre skuletrinn samt ca 10 tilsette. Skulen består av to bygningar (bygg A og bygg B) som kvar består av to etasjar pluss kjellar.

**Oppdrag:**
Ved ankomst er det allerede 3 politipatruljar framme som har gått inn i bygg A. Dei melder at bygg A er gjennomsøkt og sikra (ingen gjerningsmann igjen i bygg A), det er funne 5 pasientar og 35 uskadde som har klart å låse seg inne på ulike klasserom.

Pasient 1: Ung mann, knivstikk i brystet, vaken, tydeleg tungpusten og cyanotisk.

Pasient 2: Ung mann, knivstikk i buk, vaken, bleik, kaldsveitt.

Pasient 3: Ung kvinne, fleire djupe kuttskadar langs underarmar, ein del blod, tørr og varm i huden, engsteleg.

Pasient 4: Ung mann, knivstikk i skulder, vaken, tørr varm hud og normal farge, engsteleg.

Pasient 5: Ung kvinne, knivstikk i buk, ikkje vaken, pustar raskt, bleik og kaldsveitt.

# Oppgåver

**5)** Beskriv prinsipp og organisering og leiing på skadestaden der Triage må nyttast. **Ikkje beskriv detaljert behandling av den enkelte pasient**.

**6)** Politiet er no klare for å gå inn i bygg B. Beskriv korleis ein følgjer politiet inn bygningen. Ta utgangspunkt i prosedyrer for PLIVO.

**7)** Inne i bygg B finn politiet gjerningsmannen i andre etasje. Politiet konfronterar han, og gjerningsmannen vel å gå mot politiet med kniv. Dette resulterar i at politiet losnar skot og treff gjerningsmannen i leggen. Han er ein ung skuleelev som verkar svært forvirra og tydeleg ikkje forstår situasjonen.
Korleis vil de forholde dykk til gjerningspersonen, og kva gjer de?

Det er ingen fleire skadde i bygg B.

**8)** Stress kan påvirke menneske i visse situasjonar. Forklar kva dette inneber og korleis ein kan bearbeide inntrykk i etterkant av ei hending.

# Bokmål

<table>
<tr><th colspan="2">Eksamensinformasjon</th></tr>
<tr><td>Eksamenstid</td><td>Eksamen varer i 4 timer.</td></tr>
<tr><td>Hjelpemidler</td><td>Alle hjelpemiddel er tillatt, med unntak av Internett og andre verktøy som kan tillater kommunikasjon.</td></tr>
<tr><td>Bruk av kilder</td><td>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</td></tr>
<tr><td>Vedlegg</td><td>Ingen</td></tr>
<tr><td>Informasjon om vurderingen</td><td>Lav kompetanse:<ul><li>Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven, men i liten grad begrunne hvorfor</li><li>Trekker i en viss grad inn aktuelle fagområder</li><li>Viser i en viss grad kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>Anvender i en viss grad korrekt fagterminologi</li><li>Har en viss form for struktur i besvarelsen</li></ul>God kompetanse:<ul><li>Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven og begrunne hvorfor</li><li>Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>Viser innsikt og faglig forståelse</li><li>Viser god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>Anvender korrekt fagterminologi</li><li>Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>Har god struktur i besvarelsen</li></ul>Høy kompetanse:<ul><li>Kan beskrive hvordan man vil løse caseoppgaven på en god og utfyllende måte og gir gode og utfyllende begrunnelser</li><li>Trekker inn og drøfter aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>Viser meget god kompetanse i de relevante kompetansemålene</li><li>Oppgir kilder ved avskrift, kopiering, klipping og liming</li><li>Anvender korrekt fagterminologi konsekvent</li><li>Ser helheten mellom teori og praksis</li><li>Viser god evne til refleksjon</li><li>Bygger opp besvarelsen på en meget strukturert og oversiktlig måte</li></ul></td></tr>
<tr><td>Andre opplysninger</td><td>Ved bruk av PC, benytt skriftsstørrelse 12.</td></tr>
</table>

## Case

Det er mars måned, 5 grader, litt vind. Klokken er 07:00. Du er på dagvakt på en ambulansestasjon på et sted med 15 000 innbyggere. Du er andre års lærling og kjører som ledsager. Din makker har fagbrev og lokale kurs og godkjenninger. Stasjonen har to døgnambulanser: 963 (som dere er på) og 964, samt en dagbil 965. Alle 3 ambulansene er ledige og inne på stasjonen.

Det finnes en luftambulansebase ca 30 min unna, samt ett av forsvarets redningshelikopter ca 45 min unna. I tillegg finnes følgende tilgjengelige ressurser: 2 ambulanser 20 min kjørevei unna, og ytterligere 1 ambulanse 30 min kjørevei unna.

Det er ett legekontor i tettstedet med 2 leger, og en legevakt ca 30 min unna. Tettstedet har en politistasjon med tre patruljer av to mann på vakt.

Brannvesenet har en utrykningsleder som er på stasjonen fra kl 08-16, og er i en fast kommunal stilling, samt 4 brannlag av 3 mann som er innkallingsmannskap, totalt 13 mann inklusive utrykningsleder. De har 1 mannskapsbil/slukkebil og 1 tankvogn.

**Oppdrag**:
Klokken er 09:20, dere blir kalt ut til ett oppdrag, kjørekode akutt tur/rød respons.
Politiet ber om bistand til PLIVO (pågående livstruende vold).
Det er meldt om flere som er stikkskadet ved Fjelltoppen VGS.

Dere er Ambulanse 963, og dere vil være først framme og får rollen Operativ Leder Helse, ambulanse 964 og 965 vil ankomme noen minutter etter dere.

## Oppgaver

**1)** Gjør rede for lover og regler som regulerer tiden før du skal på vakt.
Beskriv hva du gjør når du kommer på vakt.

**2)** Vurder meldingen og iverksett tiltak.

**3)** Legg en plan på vei til angitt oppmøtested (Fjelltoppen vgs).

**4)** Fremme på Fjelltoppen vgs:
Beskriv politiet-, brannvesenet- og helsevesenets roller og funksjoner i denne hendelsen.

**Fjelltoppen videregående skole:** en liten skole med 180 elever fordelt over tre skoletrinn samt ca 10 ansatte. Skolen består av to bygninger (bygg A og bygg B) som hver består av to etasjer pluss kjeller.

**Oppdrag:**
Ved ankomst er det allerede 3 politipatruljer framme som har gått inn i bygg A, de melder at bygg A er gjennomsøkt og sikret (ingen gjerningsmann igjen i bygg A). Det er funnet 5 pasienter og 35 uskadde som har klart å låse seg inne på flere klasserom.

Pasient 1: Ung mann, knivstikk i brystet, våken, tydelig tungpustet og cyanotisk.

Pasient 2: Ung mann, knivstikk i buk, våken, blek, kaldsvett.

Pasient 3: Ung kvinne, flere dype kuttskader langs underarmer, endel blod, tørr og varm i huden, engstelig.

Pasient 4: Ung mann, knivstikk i skulder, våken, tørr varm hud og normal farge, engstelig.

Pasient 5: Ung kvinne, knivstikk i buk, ikke våken, puster raskt, blek og kaldsvett.

# Oppgaver

**5)** Beskriv prinsipper og organisering og ledelse på skadestedet hvor Triage må benyttes. **Ikke beskriv detaljert behandling av den enkelte pasient**.

**6)** Politi er nå klare for å gå inn i bygg B. Beskriv hvordan man følger politiet inn i bygningen, ta utgangspunkt i prosedyrer for PLIVO.

**7)** Inne i bygg B gjør politiet funn av gjerningsmann i andre etasje, politiet konfronterer han, hvor gjerningsmannen velger å gå mot politiet med kniv. Dette resulterer i at politiet løsner skudd og treffer gjerningsmannen i leggen. Han er en ung skoleelev som virker svært forvirret og tydelig ikke forstår situasjonen.
Hvordan vil dere forholde dere dere til gjerningspersonen, og hva gjør dere?

Det er videre ingen flere skadde i bygg B.

**8)** Stress kan påvirke mennesker i visse situasjoner. Forklar hva dette innebærer og hvordan man kan bearbeide inntrykk i etterkant av en hendelse.

vigo
Interkommunalt selskap